

Prosjektet «Bygdemobilisering»

(Vedlegg til søknad om prosjektmidler frå fylkesmannen)

1. Bakgrunn for prosjektet

Prosjektet omfattar Flemsøy/Skuløy i Haram kommune. Folketalet på øya er 503 pr. 01.01.15 (SSB). Her er barnehage, barneskule (1. – 7. steg), kolonialbutikk og spesialforretning for bil, verkty, måling m.m. Vidare kan nemnast aldersheimen Haram kvileheim, samt ein del omsorgsbustader for eldre.

Når det gjeld næring, er det flest som er sysselsett i industrien. Av anna næring/arbeidsplassar på øya kan nemnast landbruk, serviceyrke og omsorgsyrke. Nokre pendlar til fastlandet på arbeid. Her er òg ein god del pendlarar til oljeplattformer, supply og anna sjøbasert aktivitet.

Vi har registrert at lokalsamfunnet så smått har teke til å forvitre, og særleg urovekkande er det at barnetalskurva peikar relativt bratt nedover. Barnehagen har alt planlagt å redusere bemanninga frå hausten 2015 av, og på nokre års sikt vil òg elevtalet i skulen gå dramatisk ned. Såleis står både barnehagen og skulen i fare for å bli lagt ned, og med færre barnefamiliar kan butikken også måtte gi opp. I neste omgang kan denne utviklinga gjere det vanskelegare for næringslivet å skaffe kvalifisert arbeidskraft.

2. Føremålet med prosjektet

Føremålet med prosjektet er å stanse den ovanfor nemnde utviklingstendensen og skape positiv utvikling med stabilisering og vekst. Vi vil arbeide for at øya skal bli ein attraktiv plass å bu og leve, særleg med tanke på unge folk.

Øyrådet for Flemsøy/Skuløy, som organiserer og «eig» dette prosjektet, seier i vedtektene sine at *«Øyrådet skal arbeide for å fremje utvikling og vekst på alle område i lokalsamfunnet for å sikre at øya også i framtida skal vere eit livskraftig samfunn.»*

3. Målgruppa for prosjektet

Vårt prosjekt femner om heile lokalsamfunnet (Flemsøy/Skuløy), men rettar seg meir spesifikt mot ungdom i etableringsalder samt barnefamiliar. Andre målgrupper er potensielle tilflyttarar og potensielle gründerar.

4. Planlagte tiltak

- Utarbeide nettstad for prosjektet.
- Få kontakt med andre bygdelag/organisasjonar som er i nokolunde same situasjon.
- Arbeide for/legge til rette for næringsutvikling.
- Kartlegge arbeidsgivarar og potensielle arbeidsgivarar for å få oversikt over behovet for arbeidskraft og ditto jobbmoglegheiter.
- Kartlegging av alle hus på øya som kan vere til leige eller til sals.
- Kartlegging av byggeklare bustadtomter.
- Arbeide for å få lagt ut fleire tomter, både kommunale og i privat regi.
- Arbeide for tilflytting.
- Samarbeide med Placement AS for tilflytting.
- Bygge hytte på toppen av fjellet Skulen.
- Anlegge gang- og sykkelsti frå Nogva til Uri (samarbeid med idrettslaget).
- Utvide/oppgradere uteområdet ved skulen.
- Diverse andre trivselstiltak.

5. Planlagde/aktuelle samarbeidspartnarar

a) Einingar i Haram kommune:

- Byggsak, landbruk og arealforvaltning
- Seksjon for strategi, utvikling og prosjekt
- Stab/støtte

b) Haram Næring og Innovasjonsforum (inkl. hoppid.no)

c) Lokale partnarar

- Velforeningane på øya
- Idrettslaget
- Lokalt bondelag og produsentlag
- Andre lag og foreningar
- Skulen, barnehagen og andre institusjonar

d) Andre partnarar

- Innovasjon Norge
- Telemarksforsking i samband med prosjektet «Nordøyvegen – møte vegen»
- Placement AS
- Andre bygdelag/organisasjonar som arbeider med liknande prosjekt

6. Handlingsplan

Første år	Andre år	Tredje år
Etablere samarbeid med Haram kommune samt Haram Næring og Innovasjonsforum (m/hoppid.no)	Samarbeide med Haram kommune og Haram Næring og Innovasjonsforum	Samarbeide med Haram kommune og Haram Næring og Innovasjonsforum
Etablere nettstad og andre informasjonskanalar	Vedlikehald av nettstad, drive informasjon via ulike media	Vedlikehald av nettstad, drive informasjon via ulike media
Etablere kontakt med andre bygdelag/organisasjonar som arbeider med liknande prosjekt	Samarbeide med andre bygdelag/organisasjonar	Samarbeide med andre bygdelag/organisasjonar
Kartlegge bedrifter, arbeidsgivarar og jobbmoglegheiter	Legge til rette for næringsutvikling, kontakte potensielle gründerar	Legge til rette for næringsutvikling, kontakte potensielle gründerar
Kartlegge bustader (leige/eige)	Kontakte eigarar av hus som kan vere til sals	Følgje opp arbeidet med bustader
Kartlegge byggeklare bustadtomter	Arbeide for å få lagt ut fleire tomter	Legge til rette for bygging av hytter/fritidshus
Delta i kommunalt utviklingsprosjekt (Telemarksforsking)	Vidare arbeid med utviklingsprosjekt	Oppfølgjing av utviklingsprosjekt
Delta på kurs/konferansar om samfunns- og næringsutvikling	Delta på kurs/konferansar om samfunns- og næringsutvikling	Delta på kurs/konferansar om samfunns- og næringsutvikling
Arbeide for tilflytting – utflytta øyafolk og «framande»	Arbeide for tilflytting – samarbeid med Placement AS	Arbeide for tilflytting – samarbeid med Placement AS

Bygging av hytte på toppen av fjellet Skulen (planlegging)	Bygging av hytte på toppen av Skulen – fullføring	
Opparbeiding av sykkelsti på «baksida» av øya (planlegging)	Opparbeiding av sykkelsti – start arbeid	Sykelsti på «baksida» – fullføring
Utvide/oppgradere uteområdet ved skulen	Fullføre oppgraderinga av uteområdet	
Diverse trivselstiltak	Diverse trivselstiltak	Diverse trivselstiltak

7. Organisering/eigarskap

Øyrådet for Flemsøy/Skuløy vil organisere og «eige» prosjektet. Styret for Øyrådet vil vere styringsgruppe. Øyrådet er organisert i 6 arbeidsgrupper på følgjande område:

- arbeid/næring
- bustad
- informasjon
- tilflytting
- trivsel
- økonomi

Sjølve arbeidet med prosjektet vil i stor grad bli utført i gruppene. Disse vil rapportere regelmessig til styret. I tillegg vil vi søkje hjelp og råd frå ekstern kompetanse.

8. Budsjett og finansiering

Sjå eige dokument (vedlegg 2).

9. Andre relevante opplysningar:

a) Om «Øyrådet for Flemsøy/Skuløy»

Denne organisasjonen vart formelt etablert 25. februar 2015 med føremål som nemnt i punkt 2 ovanfor. Skipinga skjedde i etterkant av eit folkemøte (26.01.15) om *bygdeutvikling*, der 50 personar melde seg spontant «til teneste» for dette formålet.

Det vart oppretta arbeidsgrupper som skal arbeide på seks viktige område (nemnt i punkt 7). Gruppene er i stor grad sjølvstyrte med leiar, nestleiar og skrivar.

Gruppeleiarane er styremedlemer i hovudstyret og rapporterer frå aktiviteten i gruppene på styremøta. Leiaren i hovudstyret vert vald direkte av årsmøtet, men kan vere medlem av ei gruppe.